



Hordabø Idrettslag v/Frode Myking

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1528 - 15/8185

Saksbehandlar:

Arthur Kleiveland

arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:

07.07.2015

Søknad om tilskot til kunstgrasbane

Viser til søknad frå Hordabø IL om tilskot til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark.

Saka var til politisk handsaming i Radøy formannskap 14.10.2014. Formannskapet vedtok å utsetja saka, mellom anna for å få utgreidd spørsmål knytt til mogleg kommunal medverknad over investeringsbudsjettet og bruk av driftsmidlar.

Spørsmål om tilskot til kunstgrasbane på Bø vart tatt opp igjen i samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret 11. desember 2014. Då vart følgjande tekstforslag vedtatt:

Rådmannen kjem tilbake med utgreiing av korleis kommunen kan bidra til å realisera nye kunstgrasbaner på Bø og på Manger. Utgreiinga må innehalda drøfting av konsekvensar ved at kommunen eventuelt går inn som medeigar i anlegga tilsvarande eit eventuelt kommunalt investeringstilskot. Eventuelle andre måtar å løysa dette på, slik at kommunen kan nytta investeringsmidlar til føremålet, kan også trekkast inn. Eventuelt kommunalt medeigarskap vil vera ein teknisk måte å løysa dette på, og det vert lagt til grunn at det ikkje vil få konsekvensar for vedlikehaldet av anlegga. Skytebaneanlegget i Haukåsen skal vurderast med 1 million i investeringstilskot til liks med kunstgrasanlegg på Hordabø og Manger, elles må alle andre liknande tiltak vurderast.

Sak om tilskot til kunstgrasbane vart i neste runde del av ei prinsipiell sak om tilskot til idrettsanlegg. Denne saka vart handsama i kommunestyret 28.04.2015. Her vart det gjort følgjande vedtak:

Radøy kommune går ikkje inn som medeigar i anlegg for idrett, skyting eller liknande. I den grad det er nødvendig for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med slike anlegg.

Me ser at vedtaket i kommunestyresaka ikkje er eit direkte svar på søknaden frå Hordabø IL på søknad om tilskot til kunstgrasbane. Me seier oss leie for at idrettslaget ikkje har fått ei avklaring på søknaden.

Søknaden vil verta lagt fram til politisk handsaming til hausten.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Radøy Idrettsråd

Bjørn Ove Myking 5937

BØVÅGEN

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag v/Frode Myking